



Johan og Lovise H. Sunde kosa seg med komlemiddag saman med sonen Kai Andrè som var heime frå Oslo.

Frammøtet var gledeleg stort då Roy Lervåg og Smakifrå inviterte til komlebuffèt på Oska for første gang i dag, torsdag. Sjølv om hovudtyngda av gjestene var frå Uskedalen, kom det komlesviltne frå heile strekninga i kommunen vår. Gjestene var svært fornøgde med det som vart servert, og med det gode frammøtet gjekk Lervåg tom for komler før enn han hadde rekna med.



Komlegjestene kom frå både Uskedalen og resten av Kvinnherad.

Det var tydeleg at gjestene sette stor pris på komleilbodet som Smakifrå introduserte i dag. Middagen vart servert som buffèt slik at gjestene forsynte seg sjølv; - med komler, pinnekjøtt, sundepølse, kålrabi og bacon. Eg høyrde berre vellæte om den velsmakande maten, og tilstrøyminga var så stor at det vart tomt for komler lenge før kl.17 då Roy Lervåg hadde tenkt seg slutt for middagen. Betre bevis kunne han ikkje ha fått for at mange sette pris på dette tilbodet.

Roy Lervåg var naturleg nok svært fornøgd med responsen, men han beklaga at han ikkje hadde nok til alle som hadde tenkt seg ein komlemiddag i dag. Derimot lova han å koma sterkt tilbake.

- Det vert ny komlemiddag på Oska neste torsdag. Då skal eg laga dobbel porsjon slik at ingen skal gå umetta heim, lova den dugande kokken. Han kunne elles melda om gode tider på Oska.

- I morgon og laurdag er det fullt hus med julebordsgjester, og i neste veke har eg gjester alle dagar frå mandag til søndag, var den gode meldinga han kom med.

Og neste torsdag er det ny komledag. Då er undertekna, og heilt sikkert mange andre av dagens gjester, på plass. Dette smakte!!!



Det var mykje vellæte å høyra frå dei som kosa seg med komlemiddag.

Tekst, for og nett: Thor Inge Døssland